




Venstre vott



Festivalvotten

Sunnmøre Strikkefestival



Størrelse:	Dame (Herre)
Garn:	HS Peruvian
Garnmengde:	Ca. 60 g botnfarge og ca. 15 g mønsterfarge (ca. 80 + 20 g)
Pinner:	3,5 og 4 (4 og 4,5)
Strikkefastheit:	22/10 (20/10)

Oppskrift:

Legg opp 42 m på pinne 3 i Rustholk og strikk 2 omg 1 r og 1 vr. Skift til Eir og fortsett å strikke 1 r og 1 vr til vrangborda måler 7 cm.

Skift til pinne 4 og strikk mønster etter diagrammet. Kvite maskar er Eir, gule er Rustholk. Auk til tommel ved å løfte opp tråden mellom maskane og strikke den vridd rett. Sjå diagram.

Når tommelaukinga er ferdig strikker du ein omg til. Ta ein hjelpestråd og strikk dei 8 m som er markert med ein strek. Sett dei 8 m tilbake på pinnen og fortsett og strikke mønster etter diagrammet. **Prøv votten på!** Når den når ca. 1 cm forbi veslefingern, skal du starte felling.

Tommel:

Når votten er ferdig, fjerner du hjelpestråden og setter 8 m over og under tommelen på pinnane. Plukk opp 3 masker i kvar side. Strikk m 1. og 3. m i lag med nabopinnen for å unngå hol. No har du 2 pinner med 8 m og to pinner med 1 m = 18 m Fordel desse over 3 eller fire pinner og strikk rundt til tommelen er like lang som tommelen din. Strikk 2 rett saman omg. ut. Drag tråden gjennom maskane og fest godt.

Strikk vott nr. 2. Pass på å strikke ein av kvar 😊

Forkortingar:

LLS = løft, løft, strikk: (Fell på høgre side)

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legges seg mot venstre.

S2S: Strikk 2 rett saman (Fell på venstre side)

Maskane legges seg til høgre


Det er viktig å prøve votten undervegs, alle har forskjellig hand! Juster breidda med pinnestørrelse, og lengda med å strikke litt lenger eller kortare.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk / #festivalvotten om du vil.




Elisabeth

Diagram:



Høgre vott



www.hettestrikk.no